

## Ordføreren sitt hjørna – mars 2017



I går på konferansen Rein Vidde var høgre sin parlamentariske leiar, Trond Helleland, innom for å leka litt frå NTPen som kjem om eit par veker. Mange har venta i spenning på kva for veg som skulle bli den nordlege hovudvegen. Bodskaen var at Rv 7 Hardangervidda skal prioriterast som viktig veg for reiselivet og personbiltrafikk og Rv 52 Hemsedalsfjellet skal vera hovudveg for næringstransport.

Hemsedal kommune har uttala og arbeidd for at Hemsedalsfjellet må bli den nordlege hovudvegen, men at det også må gjerast tiltak på Hardangervidda som betrar villreinen sin vilkår for kryssing av vegen, og som også betrar vinterregulariteten. Slik sett er bodskaen frå Helleland nesten i tråd med det, men klart val av nordleg hovudveg er ikkje gjort. Me veit ikkje kva tiltak som skal gjerast og når. Heile NTP en kjem 7. april. Der vil økonomiske prioriteringar koma tydeleg fram, men mykje tyder på Rv 52 med strekningane Gol – Robru og ny veg i Hemsedal er inne i 12 års perioden. Til Bergens Tidende har Solvik Olsen utalt seg slik i dag tysdag 21. mars:

*«I 2014 varslet samferdselsministeren at han kun ville satse på én vei mellom øst og vest. Mandag snudde regjeringen og gikk inn for å spre midlene på fire traseer - noe som allerede har utløst kritikk.*

*Statsråden sier han har lest mye av kritikken som er rettet mot regjeringen etter mandagens presentasjon av øst-vest-traseen, og mener den fremstår historieløs.*

*– Ingen av disse veiene har fått midler på lang tid. Så er det også slik at alle de fire veiene skal behandles ut fra at de er lokalt og regionalt viktige. De skal vedlikeholdes bedre enn før, behandles skikkelig for rassikring og få økt trafiksikkerhet.*

*Han presiserer imidlertid at to av veiene skiller seg ut, E 134 over Haukeli og RV 52 over Hemsedal.*

*– Når det gjelder å bruke investeringer for å redusere reisetid og gjøre dem attraktive for tungtransporten, så er det E 134 og RV 52 det skal satses på. Det betyr ikke at de andre skal stenge. RV 7 er viktig i et reiselivsperspektiv, mens E16 er den mest vintersikre. Der gjenstår det bare noen få strekninger for at investeringene som er gjort der kommer til nytte.*

*– Blir Hardangervidda vintersikker?*

*– Det gjenstår å se. Men å gjøre den vintersikker er noe annet enn å redusere reisetiden. Noen av tiltakene som skal gjøres for lastebilnæringen er å fjerne det kuperte kjøremønsteret. Dette får prioritet på E 134 og RV 52, mens RV 7 har et annet formål. Her blir det mer bakker, noe personbiltransporten tåler mer.*

Konklusjonen så langt er at Rv 52 er så absolutt med. No blir det viktig å stå på framover for å få inn finansiering av tiltaka i NTPen og i framtidige budsjett. Eg har god tru på at det vil gå bra. Me må berre hugse på at det er steg for steg fram til 2050, som er det tidsløpet som er lagt.

God påske!

Helsing  
Oddvar Grøthe  
ordfører